

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 04.02.14

Vår ref. 144/ 14/BSI/5.7.12

Dykkar ref.:

Fiskeridirektoratet region vest (ref. 14/499)
v/ Ola Midttun

Austrheim kommune (ref. 14/40-4 FA-U43)
v/ Asbjørn Nagell Toft

e-mail

SØKNAD OM ENDRING AV AREAL FOR LOKALITET ØKSNESET, AUSTRHEIM.

Viser til brev, med vedlegg vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag, men har ikkje fått svar.

Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må først ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit større område toler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø. Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å søkje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må **definere** kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk. Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering.



Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølve anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersystema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyingar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

Lokaliteten Øksneset

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert gyteområde for torsk vest om/i omsøkt område, og område for aktiv reiskap (rekefåre) aust for omsøkt område, jf. vedlagde kart.

Det blir her søkt om utviding av anlegget innafor avsett område for Fiske-, natur, friluftsliv-, og akvakultur i høve kommuneplanen, jf. brev av 06.01.14 frå Hordaland Fylkeskommune.

Fiskarlaget Vest går ikkje imot søknaden under forutsetnad av at ikkje ankra kjem til hinder for bruk av trålfeltet.


Elles visar ein til dei generelle merknadene, spesielt når det gjeld fortøying/rydding.

Med helsing
Fiskarlaget Vest



Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Hordaland Fylkeskommune



Målestokk: 1:24 120